

US 29/10 Orientering om Balansert Omstilling for Utvikling (BOFU)

ePhortesak: 10/799
Møtedag: 25.03.2010

Saksansvarleg: ressursdirektør John B. Møst
Informasjonsansvarleg: ressursdirektør John B. Møst

Styret har i sak US 06/10 drøfta Balansert Omstilling for Utvikling, og gjort ei rekkje vedtak som ramme for vidare arbeid.

I samsvar med vedtaka har universitetsdirektøren sendt ut iverksetjingsbrev til dei einingane som vert forventa å gjennomføra omstilling. Brevane omfattar både styrevedtak og universitetsdirektøren sine utfyllande kommentarar og presiseringar . Alle breva ligg ved denne saken.

Ut frå desse breva har einingane rapportert tilbake om korleis dei legg opp arbeidet, og kva moment dei særleg fokuserer på. I denne saken ligg det føre korte oppsummeringar av dette.

Første milestolpe i prosessen vert dei rapportane som kjem frå einingane og vil verte grunnlag for styresak om BOFU i junimøtet

Stavanger 15.mars 2010

Per Ramvi
universitetsdirektør

Styresak US 29/10.

Utgreiing.

Styret har handsama BOfU på tre styremøte, i sakane 78/09, 122/09 og 06/10. Universitetet har satsa sterkt på fagleg utvikling dei siste åra, og kome langt med dette. Men satsinga har kosta ein god del, og den relative delen av budsjettamma som går til lønn har vakse meir enn godt er. Styret har i styresakene 122/09 og 06/10 sett klåre rammor for eit treårig prosjekt for å retta dette opp, og pålagd alle einingar å leggja fram konkrete handlingsplanar for korleis dei skal oppnå naudsynt balanse.

Universitetsdirektøren har som oppfølging av dette sendt ut iverksetjingsbrev til einingane. Desse breva ligg vedlagd. Brev refererer dei relevante delar av styrevedtaket i sak 06/10, og inneheld i tillegg presiseringar og følgjepunkt som einingane vert venta å rapportera på innan 1.juni dette år.

Humanistiak fakultet:

I brev til HF-fakultetet vert det peikt på at fakultetet snarast må setja ned to grupper for å følgja opp styrevedtaket sine hovudpunkt om reorganisering og om språkfaga.

Dekanen melder :

Det er oppnemnd grupper slik:

Gruppe for organisering av fakultetet: Tor Hauken (leder), Odd Folke Topland, Nils Mæhle (ekstern), John B. Møst, Anita Berge, Finn Tveito, Rune Giske, Gaute Auestad, Dag Jostein Nordaker, ein student, ein oppnemnd av fagrørsla.

Gruppe for å vurdere framandspråka sin plass: Alexandre Dessingue (leiar), Anne Helliesen, Atle Løkken, Bjarte Ravndal, Dagny Carolina Opsal, Gunnar Siqveland, Ingun Leidland, Kristofer Henrichsen, Truls Engstrøm, Unni Puntervold Pereira og Live Hegelstad.

Gruppene har fått mandat i samsvar med brev frå universitetsdirektøren (sjå vedlegg).

I tillegg vil fakultetet halda fram med dei tiltak dei skisserte i si melding til styret levert 311209, med sikte på å betra budsjettbalansen.

Teknisk-Naturvitskapleg fakultet:

I brev til TN-fakultetet vart det peikt på at fakultetet må følgja opp arbeidet med å effektivisere laboratoriebruken, konkretisere arbeidet med bruk av naturleg avgang som verkemiddel, syna kva effekt effektivisering av emneporteføljen vil ha og i tillegg følgja opp arbeidet med administrativ organisering.

Dekanen melder:

Arbeidet i fakultetet vert styrd av dekanen og fakultetsdirektøren. Det er sett ned ei styringsgruppe: Tore Wiig (leiar), Bjørn Hjertager, Hans Jacob Fevang, John Grønli.

- 1) Fakultetet har gått gjennom studieplanane sine og vurdert effektivisering og reduksjon av emner. Det kjem rapport med talmessig oversikt over nedlagde emne, samkøyrdde emne og overgang frå 5-stp til 10-stp-emne, med vurdering av økonomisk effekt.
- 2) Tal tilsette vert medvite redusert gjennom reduksjon av bruk av mellombels tilsette. . Institutta har fått oversikt over tilsette over 62 år med tanke på å drøfta forventta slutt-tid dei næraste åra, og kva fagområde dette gjeld. Ut frå dette vert det laga ein plan for reduksjon av minst 6 årsverk, gjennom at tilsette som går ikkje vert erstatta med nyttilsetjing, men at arbeidet vert omfordelt.
- 3) Det vert gjennomført revisjon av laboratoriebruk, med sikte på høgare bruksfrekvens. Det vert vurdert korleis laboratorieundervisning kan organiserast meir effektivt. Her har fakultetet eit mål om reduksjon i trong for teknisk personale på minst 6.
- 4) Fakultetet arbeider med kartlegging av bruk av administrative ressursar med sikte på betre samkøyring og effektivisering.

Dekanen peikar på at gjennomføring av utfasing av fast tilsette kan krevja stimuleringsmidlar, og at fordelinga mellom faglege og tekniske årsverk innan ei ramme på 12 årsverk ikkje er heilt sikker, men at ein aksepterer totalramma. Dekanen vil rapportera til styret på alle desse punkta til styremøtet i juni, med vekt både på økonomisk innsparing og fagleg effektivisering og kvalitet.

Samfunnsvitskapleg fakultet:

I brev til SV-fakultetet er det særleg peikt på at det må synast kva kostnader som etter kvart kan reduserast ut frå gjennomgang av kompetansehevingsprogrammet, korleis ein konkret kan redusera kostnad gjennom naturleg avgang, korleis ein kan auke opptaket i sjukepleieutdanninga, kva tiltak som kan gjerast i høve til vidareutdanningane i helsefaga, kva innsparing som kan oppnåast gjennom effektivisering av praksis i helse- og sosialfaga og til slutt om det er råd å effektivisere gjennom omlegging av studieporteføljen

Dekanen melder:

1. Stoppa kompetansehevingsprogrammet i høve til tilsette ved Institutt for Helsefag(IH) som har hatt full fou-tid til phd-utdanning, gjennomført h-09. Alle institutt har oversikt over ansatte som holder på med phd og når dei etter planen skal fullføre (oversendes til styrets junimøte)
2. Institutta har fått oversikt over tilsette over 62 år med tanke på å drøfta forventa slutt-tid dei næraste åra, og kva fagområde dette gjeld. Ut frå dette vert det laga ein plan for reduksjon av 8 årsverk, gjennom at tilsette som går ikkje vert erstatta med nyttilsetjing, men at arbeidet vert omfordelt.
3. Vidareføring av arbeidet ved IH når det gjeld omlegging av praksis, med detaljering i høve endring av arbeidsplanar og organisering. Det vert arbeidd med planer for endring av EVU der ein har kontakt med SUS i arbeidet, og vedtak om 0-opptak for vidareutdanning i psykisk helse. Følgjande rapportar er ferdigstilte og handsama i instituttråd IH:
 - a) Rapport om vidareutdanningane,
 - b) Rapport om Safer og sykepleielaboratoriet,
 - c) Rapport frå arbeidsgruppen for praksis.
- 4) Institutt for Sosialfag (IS) legg opp til 20 stp emne i nokre fag og reduserer slik tal eksamenar, og gjer vedtak om 0-opptak vidareutdanning i fleirkulturell forståing. Desse tiltaka er førebels rekna til å gje reduksjon på 1.1 til 2 årsverk ved IS
4. Styringsgruppa for medisinske vitskapar har tilrådd etablering av tverrfagleg phd-program i medisin og helse, noko som tyder at føresetnaden for å utforme plan saman med SUS no er oppfylt for å få tilført løyving frå Universitetsfondet med 10 mill over 5 år.
5. Det har vore møte med HUM om integrering av språkfag i utdanningsprogramma ved Institutt for Økonomi og Leingi og på Norsk Hotellhøgskole.

Leiargruppa ved SV har hatt møte med AØV for å klargjere oppfølging og rutinar i samband med budsjett og rekneskap.

Fakultetet ventar på vedtak om PhD i samfunnsvitskap slik at eigne stipendiatar kan disputere ved fakultetet. Dette vil føre til at UiS slepp tape inntekt på at dei må disputere andre stader. Likeeins ventar fakultetet på formell godkjenning av bruk av stillingskategorien klinisk lektor i samband med gjennomføring og effektivisering av praksisundervisinga i helsefag og sosialfag.

Arkeologisk Museum

I brev til museet er særleg to punkt framheva, det eine er reduksjon av faste tilsettingar med 7 over BOfU-perioden, det andre er ein gjennomgang av inntekspotensiale med sikte på betre inntening.

Museumdirektøren melder at det i neste veke vert eit leiarseminar med påfølgjande møte med organisasjonane for å setja ned to arbeidsgrupper med mandat til å arbeide med desse to utfordringane. Rapport frå gruppene vil vere grunnlag for styresak i juni.

Sentrale stabar og felleseiningar:

I høve til tiltak i desse einingane og dei overgripande tiltak er følgjande ansvar fordelt:

- 1) Reduksjon av årsverk i sentrale stabar. Alle direktørar er pålagd gjennomføring. Personaldirektør skriv oppsummerande rapport til styret.
- 2) Direktør for UiS Pluss gjev statusrapport om arbeidet med å gjere eininga uavhengig frå statlege støttemidlar.
- 3) Ressursdirektøren går gjennom stoda for bygg i høve til økonomi på marsmøtet, og føl saka opp med rapport til junimøtet.
Ressursdirektøren legg opp til eit investeringsprogram for infrastruktur i samråd med universitetsdirektøren. Dette vert del av budsjettarbeidet.
- 4) Ressursdirektøren skal ta ansvar for ein prosess med sikte på å redusere omfanget av skriftlege vurderingsarbeid med kontroll. Det vert sett ned ei gruppe med representasjon frå fakulteta.
Progresjonsrapport kjem til styremøtet i juni.

- 5) Økonomi- og verksemdirektøren har sett ned ei gruppe (Anne Marie Rasch Eilertsen, Kjartan Lindland, Rolf Jegervatn) med mandat å gå gjennom praksis knytt til BOA-kostnad og indirekte kostnad. ØV-direktør legg fram rapport til juni-møtet.
- 6) Personalavdelinga har i samvirke med Økonomi- og verksemdsavdelinga sett ned ei gruppe (May Merete Opdal, Martin Tjelta) som arbeider med framlegg til retningslinjer for stillingskontroll. Personaldirektøren legg fram saka på junimøtet
- 7) a) Personaldirektøren har kalla inn ei breitt samansett gruppe for å vurdere om eit dataverkty som mellom anna vert nytta av Universitetet i Agder er høveleg til ressursrekning for undervising og forskning.
b) Ansvar for implementering og oppfølging av universitetet sine retningslinjer for arbeidsplanlegging for vitenskapleg tilsette ligg i leiingslina. Personaldirektøren føler dette opp på vegner av universitetsdirektøren.
- 8) Personaldirektøren vil i samvirke med Strategi- og kommunikasjonsavdelinga leggja fram ein sak om organisering av internasjonalisering på mars-møtet.
- 9) Personaldirektøren arbeider med eit dokument som skal synleggjere moglege tiltak som skal kunne stimulere til at tilsette vil bytte arbeidsstad eller gå av med pensjon.
- 10) Utdanningsdirektøren vil setja ned ei gruppe for å utarbeide ein konkret plan for samkøring av utdanningar på tvers av fakultet/institutt, og å utvikle system for ressursdeling når undervisingstenester og -ressursar vert utveksla på tvers av einingar. Undervegsrapport med plan for ferdigstilling vert lagt fram på styremøtet i juni.
- 11) Utdanningsdirektøren vil i eige styresak i oktober leggja fram ei vurdering av opptaksskjemmer for 2011, i lys av BOfU-måla.

I tillegg har universitetsdirektøren starta arbeid med evaluering av administrativ praksis og organisering knytt til eksternt finansiert verksemd. Forbetringar vil verte implementerte etter kvart, og statusrapport vil verte lagt fram for styret i juni.

Vurdering

Universitetsdirektøren er nøgd med at arbeidet er kome godt i gang, og vil leggja opp til ein grundig gjennomgang på møtet i juni.

Stavanger, 15. mars 2010

Per Ramvi
universitetsdirektør

John B Møst
ressursdirektør

Vedlegg:

- Brev til SV-fakultetet, TN-fakultetet, HUM-fakultetet og Arkeologisk museum.
- Brev til administrative einingar